



A photograph showing a man with a beard and short hair, wearing a dark t-shirt, interacting with a young child. The child, wearing an orange shirt, has their hand raised towards the man's face. They appear to be in a room with a whiteboard or chalkboard in the background.

Vil rekruttere menn til barnehagane

Dagleg leiar i Tertnesparken barnehage, Eli Steinum, meiner det er viktig å arbeide for å få meir likestilling i barnehagen. Difor er no barnehagen komen med i prosjektet Ungdomsskuleelevar som leikeressurs i barnehagen.

Vil rekruttere menn til barnehagane

Ine Marit Torsvik Bertelsen
Bloggar



- Kvifor er kulturformidling for barn viktig?

Ein kan ikkje gi barn betre ballast i livet enn å lese biletbøker til dei og etter kvart med dei – frå dei er nyfødde, til dei flyttar ut som ungdom.

Kunsten å kunne «lese» bilete blir viktigare og viktigare.

Aldri har illustrasjonar og bilete vore ein større del av det å forstå samfunnet. Barn og unge treng veiledning i biletbruk, og det er der biletbøkene kjem inn.

Skal spegle samfunnet

Ho gler seg til å følgje prosjektet og meiner det er viktig at barnehagen speglar resten av samfunnet, også når det gjeld likestilling mellom kvinner og menn.

- Likestilling bland personalet gjev også jentene og gutane betre utviklingshøve, seier ho.

Tertnesparken barnehage har i dag ein mannleg pedagogisk leiar og ein

I februar opna Fylkesmannen i Hordaland prosjektet som tidlegare er utprøvd i fleire fylke. Målet er at ungdomsskulelevar skal vere ein leikeressurs i barnehagen, og 28 ungdomsskulelevar frå åtte kommunar deltek i prosjektet. Det er eit kriterium at barnehagane har mannleg personale frå før. Prosjektet har bakgrunn i Kunnskapsdepartementet sin rekrutterings- og kompetansestrategi GLØD og dei overordna måla om likestilling mellom kjønna i alle deler. I prosjektet tilset barnehagane ungdomsskulelevar som skal jobbe inntil 114 arbeids-timar på eit år. Dette meiner prosjekteleiar i Fylkesmannen i Hordaland, Ingunn Landro Sandset, er ein vinn-vinn-situasjon, både for ungdommene og barnehagane. Eli Steinum i Tertnesparken barnehage er ikkje i tvil om det.

- Me ynskjer å vere ein del av eit verdiskapande arbeid rundt likestilling i barnehagen. Ungdomsskulelevane vil vere ein ressurs for oss, seier Steinum.



mannleg assistent. Totalt tel personalgruppa sju personar.

- Kvifor er det så viktig at elevane møter yrket så tidleg?

- Når ungdommene skal velje vidaregåande skule, blir det ofte teke val knytt til yrkesretning. Viss ungdommene har positive erfaringar frå barnehageyrket, kan dette påverke eige val av studieretning. Det kan vere med på å skape gode haldningar til barnehageyrket.

For at elevane skal få jobb i barnehagen, må dei søkje på jobben og skrive kontrakt, noko Steinum meiner er ei verdifull erfaring å ta med seg.

- Dette er kanskje elevane sitt første møte med yrkeslivet. Gjer dei ein god jobb, får dei ein god attest, som igjen vil vere ein fordel for dei når dei skal søkje andre jobbar.

I Hordaland kom det inn 57 søknadar frå totalt ni kommunar som ville vere med i prosjektet. Fylkesmannen i Hordaland kan vidare melde at dei har ein liten oppgang i talet på menn som arbeider i barnehagane. Medan talet i 2012 var 9,4 prosent, er det i 2013 10,1 prosent menn i barnehagane.

Må heve statusen

Astri S. Måkestad er rådgjevar for barnehagane i Kvinnherad kommune, og ho er glad kommunen har kome med i prosjektet Leikeressurs.

- Barnehagane skal vere eit mangfold, og det er viktig at det òg viser att i personalet. Eg trur dette prosjektet kan vere med på å få fleire gutter til å utdanne seg til barnehagejobbar.

I Kvinnherad kommune har dei ein mannleg styrar og nokre mannlege vikarar.

Måkestad legg ikkje skjul på at ho trur lønnsnivået og den generelle statusen til barnehageyrket viser att i kjønnsbalansen i barnehagen. Dette er Eli Steinum samdi i.

- Barnehageyrket har vore eit kvinne-dominert yrke i altfor mange år. Det er eit omsorgsyrke, og gamle haldningar har fått henge i. Heldigvis er denne trenden i ferd med å snu, meiner ho.

- Eg trur ikkje barnehagane fram til no har vore opptekne av å gjøre barnehagen til ein attraktiv arbeidsplass for menn. Menn og kvinner har ulik kompetanse og ulike erfaringar. Det handlar om å gjøre seg nytte av forskjellen mellom menn og kvinner. Klarer me det, vil kvaliteten i barnehagen bli betre.


- Korleis kan ein auke statusen til barnehageyrket?

- Det er ikkje eit høgtlønna yrke, dette, kanskje det kan vere ei årsak til at mange menn vel noko anna? Høgare lønn vil vere med på å heve statusen til heile barnehagesektoren, både for menn og kvinner, meiner Steinum og legg til at alle kan bli betre til å framsnakke eige yrke.



SONG FOR DEG OG MEG

Av Odd Nordstoga
Inger Lise Belsvik og
Hilde Hodnefjeld illustrasjon
Samlaget 2014



No er Odd Nordstoga ute med ei ny og utvida utgåve av *Songbok for deg og meg*. Musikar Odd Nordstoga har gjort eit breitt utval av songar til den nye versjonen av boka, som kom ut første gong i 2002. Boka er meint som ei samling av songskattar for born i alle aldrar, både i førskule og barneskule. Her er eit godt utval av songar på nynorsk og dialekt, både dei gamle, gode norske songane, moderne viser

og folkeviser, stev og stubbar, nyare songar og songar til skjemt og høgtid. Her er songar frå den tradisjonsrike, gamle songskatten frå Vinje, Garborg og Sivle, men også nyskrivne melodiar til både eldre og nyare, kjende og ukjende tekstar, skriv Samlaget på eigne nettsider. Utanlandske songar er omsette, og ikkje minst inneheld boka fleire songar som har vorte store slagrar. Fleire av Nordstoga sine eigne populære songar er også med. Songane er illustrerte av Hilde Hodnefjeld og Inger Lise Belsvik. Dette er ei ny og utvida utgåve av *Songbok for deg og meg*, og også denne blir gjeven ut på Samlaget.

Judith Sørhus Littlehamar

DENNE ELGEN ER MIN

Av Oliver Jeffers
Omsett til norsk av Henning Hagerup
Gyldendal 2014



Wilfred eig ein ekte elg. Ein elg som gjer akkurat som Wilfred vil, eller er det slik det er? Elgen kom til Wilfred av seg sjølv, og Wilfred kalla han for Marcel. Wilfred lagar klare rammer for korleis husdyret Marcel skal oppføre seg: Han skal ikkje lage for mykje bråk når Wilfred speler platesamlinga si, han skal gå akkurat der Wilfred vil at han

skal gå, han skal gje eigaren ly for regn og få tak i ting som Wilfred ikkje når opp til.

Somme gonger kan det verke som om Marcel ikkje høyrer etter, kanskje han ikkje vil gjere som Wilfred vil? Kanskje ikkje Wilfred eig Marcel likevel?

Oliver Jeffers har skapt ei historie om kva det eigentleg betyr å eige noko, ei morosam og lunefull historie som blir presentert i fargerike teikningar.

Etter kvart viser det seg at kanskje fleire òg trur dei eig elgen til Wilfred, og då ulukka er ute, spørst det om elgen hugsar noko av det Wilfred har lært han. Kanskje det er like greitt å inngå eit kompromiss, der elgen får lov til å fylgje Wilfred sine reglar når han har lyst?

Judith Sørhus Littlehamar



Digitale verktøy i det pedagogiske

Ifølgje ei ny landsdekkjande undersøking er det vanleg at barn i barnehagar deltek i aktivitetar med digitale verktøy. Mykje tyder likevel på at tilsette er usikre på korleis dei skal bruke verktøya i det pedagogiske arbeidet.

Senter for IKT i utdanninga gjennomførte ei landsrepresentativ kartlegging av den digitale tilstanden i barnehagane i 2013.

Undersøkinga viser at dei aller fleste tilsette i barnehagar bruker digitale verktøy både til å løyse administrative oppgåver og i arbeidet med barna. Dei mest alminnelege aktivitetane barna deltek i, er lytting til musikk og bildetaking, og stadig fleire barn får erfaring med å hente informasjon på Internett. Det kan sjå ut til at barna først og fremst deltek i aktivitetar som har eit underhaldande aspekt, og mindre i aktivitetar der dei har høve til å vere skapande. Dette kan henge saman med eit uttalt behov for meir kompetanse.

Vil lære

Nær 75 % av dei tilsette som tok del i undersøkinga, ønskjer å lære meir om korleis dei kan bruke digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet saman med barna. Samtidig nemner dei manglande kunnskap om korleis verktøya kan brukast, som den viktigaste avgrensande faktoren i dette arbeidet. Mykje tyder



altså på at viljen er der, men at det er eit behov for å lære meir om korleis dette kan gjerast. Og det treng ikkje vere så avansert. I samarbeid med eit nettverk av barnehagar har vi utarbeidd enkle og praktiske læringsopplegg for å gje nokre idear om korleis ein kan knyte saman digital leik og utforskning med rammeplanen.

Nettbrett og digitale forteljingar

Kartlegginga viser at 29 % av barnehagane har skaffa seg nettbrett, og at dette også er verktøyet som står øvst på ønskelista. I ein barnehage i Oslo brukte dei

tilsette nettbrett til å lage digitale forteljingar saman med ei gruppe femåringar. Barna kom sjølv fram til kva dei ønskte å lage film om, og dei laga sjølv elementa til filmen. Dei tok bilde, eller teikna det som var vanskeleg å ta bilde av, for så å ta bilde av teikninga. Deretter valde dei rekkefølge på bilda og la dei sjølv inn i programmet. På toppen av disse bilda la dei musikk og sine egne stemmer for å fortelje historia. Då filmane var ferdige, inviterte dei dei føresette og dei andre barna på premiere med saft og popcorn, billettar og raud løpar.

Sjå resultatet og last ned hele læringsopplegget her: iktsenteret.no/ikt-brille

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

[BOKPRAT](#) | [MIN BARNEHAGE](#) | [LES FOR MEG](#) | [AKTUELT](#)

[Facebook/pirion](#) [@avasapirion](#)

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvittne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no